


Hordaland Fylkeskommune
hfk@hfk.no



Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus
Postboks 389
5751 Odda
sentralbadetlitteraturhus@gmail.com

Søknad om tilskot til kulturgegg med regionale funksjoner

FERDIGSTILLING AV SENTRALBADET LITTERATURHUS I ODDA

Sentralbadet Litteraturhus er under oppbygging. Ein stor innsats er lagd ned i å realisera Litteraturhuset, både gjennom dugnadinnsats og arbeidstimar frå entreprenør og med raus stønad frå private og offentlege støttespelarar dei siste åra. For å gjere huset meir brukarvenleg og gje grunnlag for god drift, ser det behov for å utstyra huset med fast møblement og arrangementsutstyr og fullføre bygggearbeidet i 2. etasje og i søndre del av 1. etg.

FØREMÅLET TIL STIFTINGA

Det står følgjande i vedtekten våre:

«Stiftelsens formål er å formidle og stimulere til interesse for litteratur, lesing og offentlig ordskifte gjennom å etablere, eie og drive et litteraturhus i Odda.

Stiftelsen skal gjennom aktiviteter i Sentralbadet litteraturhus, som Litteratursymposium, seminar, debatter, opplesningskvelder, konserter, utstillinger, skrivekurs, skolebesøk, leirskole og lignende, inspirere til økt interesse for norsk og utenlandsk skjønn- og faglitteratur.

Stiftelsen skal gjennom litteraturhuset skape en møteplass som skal fremme interesse for litteratur og ordskifte, lokal industrihistorie, samt være en arena for alle kultur- og kunstuttrykk. Stiftelsen skal arbeide for å styrke lokalt samarbeid omkring aktiviteter knyttet til litteratur, kultur og industrihistorie, og være et senter for kompetansedeling og kompetanseheving i Odda».

BAKGRUNN/ HISTORIKK

Sentralbadet Litteraturhus spring ut av Litteratursymposiet i Odda, og er ei vidareføring av litteratursatsinga Odda har drive dei siste 12 åra. Ambisjonen er å byggje opp ein litterær aktivitetet i Odda og Hardanger utanom dei fem dagane som er symposie-veka. Litteratursymposiet har gjennom målretta arbeid i mange år utvikla seg til både ein lokal, regional og nasjonal suksess. Litteraturen har ein samlande og identitetsskapande funksjon i samfunnet.

Bygg 119 Sentralbadet, blei på rekordtid tatt i bruk som det andre litteraturhuset i Norge. Sidan 12. oktober 2011 har huset, til tross for at det enno ikkje er ferdigstilt meir enn deler av 1. etasje, vore i full bruk på Litteratursymposiet, ein del til utleige - og elles når styret for stiftinga ser ei moglegheit for arrangement. På denne tida har huset vore arena for ei lang rekke minneverdige opplesingar, debattar, bokpratar og konserter. Huset har fungert etter styrets intensjonar om å vere ein lokal samlings- og møtestad for litteratur og debatt, og utnytte Odda og regionens eigne folk og ressursar i eit samspel med forfattarar og skribentar utanfrå. Manglande driftsmidler gjer at huset framleis er drifta på dugnad.

Sentralbadet er eit av dei mest spennande verneverdige industribygga på Smelteverkstomta, sentralt plassert like innafor porten på Lindeplassen, mellom Smelt kafé og Lindehuset. Mulighetsstudie for Smelteverkstomta vender blikket mot dette området. Bydelen rundt Lindehuset er viktig i utviklinga av det moderne Odda. Vitensenteret held til i det gamle laboratoriet og Rockeklubben har sine lokale i portvaktbygget. Det er planar om etablering av isklatrevegg i nabohuset siloen, SINDARK er etablert ved, smia, Næringshagen i Odda og Studiesenteret flytta hausten 2015 inn til hovudlageret og fleire private aktører etablerer seg. Lindeplassen utviklar seg til å bli ein sentral samlingsstad og festplass for Det nye Odda.

I løpet av det siste året har vi opplevd ein ny giv i og for huset: Nye aktivitetet, eigne arrangement og auka utleige. Sjå vedlegg 1 for statusrapport.

STATUS PÅ BYGG

Store deler av 1. etg. er ferdig: byggteknisk og elektrisk, 3 wc, teknisk rom, ventilasjonsopplegg (som ikkje er kopla inn). Manglar no kjøken (midlertidig tekjøken), ein del inventar og lydtekniske installasjonar. Dusjanlegg og bakre garderobe er ikkje påbegynt. Under byggjetrinn 1 vart det lagd stor vekt på den estetiske utforminga av bygget, og mange detaljer vart teke vare på og vidareførd, som terazzogolv, dusjanlegg og pissoir, dekorbord på vegg, gamle glas etc. Litteraturhuset i Odda skal ta vare på og vise fram nokre av byggets opprinnelige funksjonar og samtidig romme fasilitetane til eit moderne litteraturhus.

Det vart lagd opp til at mest mogleg av framtidig anlegg skal vere skjult. I himlingen i 1. etg. ligg trekkerør for projektor, og røyr og boksar for høgtalarar. Det er eit murbygg med krevjande akustiske forhold, og LivePro har planlagd eit anlegg optimalt for tale med god lydspreiing i rommet gjennom 6 fastmonterte høgtalarar, og kontrollsentral ved hovudskap for enkel betening av anlegget.

På same vis er det heile vegen tatt høgde for utvida bruk, med god kapasitet i hovudskap, for lys, lyd, fiber etc., og trekkerør/kanalar for vidareføring etter kvart som nye deler av bygget vert teke i bruk. Hovudskap er ikkje lukka.

VEGEN VIDARE

Vi søker no om tilskot til i neste byggjetrinn å ferdigstille 2. etg. til både lokale for arrangement, opplesingar, debattar, utstillingslokale, kontor/ klasserom og samlingsrom, med eigne toalett, ferdigstilling av ventilasjon (inkludert aggregat), samt ferdigstille kjøken og bakrom i 1. etg.

Det å vidareføre og fullføre heile 2.etasje er gjort mogleg gjennom heisen som fylkeskommunen sterkt har medverka til. Provisoriske arrangement og bruktbokhandel i 2.etasje (på dispensasjon frå brannsjefen og Odda kommune), har vist eit stort potensiale (i alle fall i den varme årstida).

Sidan byggearbeidet starta i 2011 er det utført eit omfattande arbeid for 6, 8 mill. med dyktige håndverkarar og stor dugnadsinnsats. No er tida inne til å fullføre prosjektet.

Vi har no ambisjonar om å fullføre prosjektet og byggje ferdig dei delene av huset som ikkje er restaurert. Det vil dobla arealbruken, og gje større fleksibilitet for arrangement og utleige. Det blir mogleg å ha parallelle arrangement oppe og nede, og bygget blir fleksibelt for ulike arrangement. Vi kan og lettare gå i dialog med potensielle leigetakrarar om bruk av 2. etg, som kan ivareta formålet med bygget.

Med heisen som kom på plass mellom etasjene hausten 2015 er det sikra universell tilkomst til heile bygget.

Prioriterte tiltak/ investeringsplan med kostnadsoverslag /budsjett:

- | | |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| 1. Fullisolering av bygget, tak og veggar i 2. etasje i tråd med antikvariske prinsipp: | 1,2 mill. |
| 2. Fullføre 1. etg. søndre del nede: Kontor + vaktmester, driftskontor for huset og symposiet | 0,9 mill. |
| 3. Personaltoalett: | 0,3 mill |
| 4. Byggearbeid 2. etg. herunder fleksible skiljeveggar, brannhemmande tiltak, toalett: | 0,8 mill. |
| 5. Branndører 2. etg. og sikringsutstyr: | 0,1 mill. |
| 6. Anretningskjøken med kjølerom i 1. etg: | 0,4 mill. |
| 7. Fullføre tekniske installasjoner herunder: Ventilasjonsanlegg inkl. aggregat, vannboren varme i
resterende del av bygget, elektroarbeid resten av bygget (lys og stikk): | 2,1 mill. |
| 8. Tilrettelegging for bruk av bygget: | 0,35 mill. |
| SUM: 6,15 mill. (inkl. mva) | |

FINANSIERINGSPLAN

Stiftelsen Sentralbadet har sidan starten av byggjeprosjektet i 2011 jobba aktivt for økonomisk støtte frå mange hald. I tillegg til Hordaland fylkeskommune, har m.a. Fritt Ord, Norsk Kulturråd, Norsk Kulturminnefond, Odda kommune og mange andre medverka. Totaloppstilling av alle større og mindre bidragsytarar vil bli ettersendt. I tillegg kjem tusenvis av dugnadstimar dei siste fem åra.

For å kunne få finansierert det tredje og siste byggjetrinnet på i overkant av 6 mill. treng vi sterke drahjelp frå Hordaland fylkeskommune. Vi vonar med denne søknaden om tilskot til minst 1/3 av denne summen.

Men i tillegg ynskjer vi no i sluttprosessen å drøfte med Hordaland fylkeskommune ein strategi for å få utvikla ein total finansieringsplan for fullføring av prosjektet.

Vi ber difor om eit møte med Hordaland fylkeskommune på bakgrunn av denne søknaden.

Odda, den 1.mai 2016

Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus

v/ Ingvild Ystanes

Vedlegg

1. Statusrapport/ siste nytt
2. Teikningar
3. Liste over investeringar, tilrettelegging for arrangement